



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2021/1652-25

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2022/38	14.06.2022	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
2022/51	21.06.2022	Formannskap
2022/35	22.06.2022	Kommunestyre

Reguleringsplan for flaumsikring av Bismo – sluttbehandling.

Vedlegg

- 1 Planomtale for RP Flaumsikring Bismo
- 2 Plankart_RP Flaumsikring av Bismo_25052022A
- 3 Reguleringsføresegner_RP Flaumsikring av Bismo
- 4 ROS_RP Flaumsikring av Bismo

Saksutgreiing

Felles plankontor for Lom og Skjåk har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo. Planforslaget bygger på tiltaksplan frå NVE som står for den tekniske planlegginga og prosjekteringa av flaumsikringsanlegga. Formålet med tiltaka i NVE sin plan, er å sikre Bismo sentrum mot flaum i Ottaelva og Skjåkheimen mot flaum i Fjukenbekken. For å oppnå formålet, er det mellom anna framlegg om å bygge ein om lag 2250 m lang sikring langs Ottaelva beståande av flaumvollar, flaumsikringsmur og drenerings-/pumpeanlegg, samt å bygge eit anlegg for inntak og bortleiing av vatn frå Fjuken. I planforslaget er også innregulert ein 3 meter brei turveg som går oppe på flaumvollane og på strekninga mellom desse.

Det er planlagt bygging av flaumvollar på tre strekningar. Desse er trekt inn noko frå elva der det er mogeleg for å gje elva rom, noko som gjer at høgda på flaumvollane kan haldast nede. I hovudsak vil flaumvollane bli bygd med ei høgde på mellom 1,5 til 2 meter over eksisterande terreng, og berre på korte strekningar vil høgda over eksisterande terreng ligge på om lag 2,5 meter. Vollane vil i hovudsak bli bygd opp av lausmassar og bli forsterka med steinblokkar og fylling av større stein, der vollane ligg nær elva og kan bli utsett for erosjon. Oppe på flaumvollane er det planlagt bygd ein 3 meter brei turveg. Vollane er planlagde med slake skråningar med omsyn til funksjon og tryggleik, noko som også gjer at dei skal gli betre inn i terrenget. Dette gjer at vollane vil bli forholdsvis breie,

og strekke seg over ei flate med i hovudsak 10-15 meters breidde. Ved Bismo vassverk vil det bli bygd ein mur for å sikre mot flaumvatnet, og her er turvegen planlagt lagt på utsida av denne.

På innsida av flaumvollane er det planlagt lagt drenggrøfter for å leie vekk vatn frå innsida av sikringsanlegga. Tre pumpestasjonar er planlagde for å pumpe drengvatnet gjennom flaumvollane og ut i Ottaelva. Nedre del av Fjuken er i dag teke inn i røyr for å leie vatnet til elva. Dette anlegget har hatt for liten kapasitet ved flaumsituasjonar, noko som har gjort at flaumvatn har kome ned mot Skjåkheimen. Anlegget er no planlagt kraftig oppdimensjonert med eit nytt bekkeinntak og ein ny røyrleidning med større dimensjon. Den nye røyrleidninga vil bli lagt langs kanten av jordet ved Skeisvegen, og avløyse den leidninga som i dag som går tvers over Skamsarjordet.

Reguleringsplanområdet er på 324,5 dekar og omfattar både areal for framtidige permanente sikringsanlegg, areal for mellombelse anleggs- og riggområder og elveareal. I hovudsak omfattar byggeområdet for flaumsikringsanlegga kommunal eigedom langs Ottaelva. I tillegg vil mindre delar av næringseigedomar og bustadeigedomar bli direkte råka av tiltaket og/eller anleggs- og riggområde. For å få tilstrekkeleg plass for anleggs- og riggområder vart planområdet noko utvida sidan det var send varsel om start av planområdet juni 2021. Mellom anna er planområdet derfor utvida til å omfatte eit areal ved Industrivegen og eit areal vest for Bellingsdalsvegen, GID 126/108. Begge areala er eigd av kommunen og er planlagt nytta til riggområde ved gjennomføringa av anlegget.

Arealet ved Bellingsdalsvegen (4,5 dekar) heng ikkje fysisk saman med resten av planområdet, men er likevel ein del av same reguleringsplan og er vist på plankartet. Retningsline for utarbeiding av reguleringsplanar, seier at det også må ligge reguleringsformål på dei områda som vert lagt ut som bygg- og anleggsområde, og dette er følgt opp i planforslaget.

Planforslaget består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart - digitale filer eller utskrift i målestokk 1: 1500 i A0-format
- Planføresegner
- Planomtale (dette dokumentet)
- ROS-analyse

For omtale av planen og verknadane av denne viser ein til planomtalen og ROS-analysen.

Reguleringsplanforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn og høyring 25.03.2022 til 06.05.2022. Det har kome inn 7 høyringsuttaler til planforslaget. Høyringsuttalene er referert og kommentert av saksbehandlar i planomtalen kapittel 5 som er vedlegg til saka.

Ved utarbeidinga av planforslaget har ein teke omsyn til dei innspela og uttalene som har kome inn ved planoppstart og ved offentleg ettersyn og høyring av planforslaget. I samarbeid med NVE har tiltaksplanen og reguleringsplanen teke opp i seg fleire av dei forslaga til endringar som har kome inn, og plankontoret vurderer at det planforslaget som ligg føre for vedtak i saken er forbetra på fleire punkter.

Med bakgrunn dei innspela og uttalene som har kome inn ved planoppstart, nye moment som har kome fram på møter/synfaringar med NVE og i arbeidet med prosjekteringa av tiltaket, er flaumsikringsanlegga endra noko i utforming i forhold til tiltaksplanen som NVE sendte ut til høyring i 2021. Det ligg no føre oppdaterte planar for utforming av flaumsikringa frå NVE sin konsulent,

firmaet Dr. Blasy Dr. Øverland Beratende Ingenieure GmbH & Co. KG. Reguleringsplanforslaget er samordna med planen for flaumsikringsanlegga slik dei no er prosjektert.

Planforslaget som blir lagt fram for vedtak, er så og si i samsvar med forslaget som var lagt ut til offentlig ettersyn og høyring. I forhold til NVE sin tiltaksplan som var lagt ut til offentlig ettersyn og høyring i juni 2021, er det i hovudsak gjort følgjande endringar av flaumsikringsanlegga:

- Flaumvollen er flytt noko lengre ut mot elva ved Signegarden for å unngå å kome i konflikt med bygnad og høgspennetnett som ligg i bakken.
- Flaumvollen er flytt noko lengre ut mot elva ved Glasopor AS og Stryvo Bismo for å unngå å kome i konflikt med industriverksemd og høgspennetnett som ligg i bakken.
- Flaumsikringsmuren og flaumvollen er noko endra ved Bismo vassverk for å unngå å kome i konflikt med grunnvassbrønnar. Pumpestasjon 1 er av same årsak flytta vekk frå vassverksområdet.
- Flaumvollen er flytt noko lengre ut mot elva ved Bismo camping for å unngå å kome i konflikt med dyrkajord og bygnad. Det er lagt inn veg for kryssing av flaumvollen for tilgang til friluftsområde og område ved elva som er nytta til elvesport (rafting, padling mm.)
- Pumpestasjon 3 er flytt ut av campingområdet til kommunal grunn ved Blåbærmyra.
- Rørtraseen som skal ta hand om vatn frå Fjukenbekken er lagt langs kanten av jordet ved Skeisvegen, og kryssar ikkje rett over jordet på Skei slik som drencrøyet som ligg der i dag.
- Det er lagt inn fleire punkt for kryssing av flaumvollen for tilgang til elva.
- Ein har i revidert planforslag etter høyringa, i samsvar med uttala frå Statens Vegvesen, lagt inn byggegrense mot rv.15 på plankartet der dette mangla, teikna inn måle-/avstandsliner og omtalt byggegrenser i reguleringsføresegnene.
- Ein har i revidert planforslag etter høyringa, i samsvar med uttala frå Statsforvaltaren, teke inn reguleringsføresegner knytt til midlertidige anleggsområde på dyrka jord.
- Ein har i revidert planforslag etter høyringa, i samsvar med uttala frå Innlandet fylkeskommune, flytta avsnittet om freda kulturminne i reguleringsføresegnene til kapittel 1.5 under felles føresegner.
- Ein har i revidert planforslag etter høyringa lagt inn to mindre areal for plassering av trafokiosk/koplingsstasjon for energiforsyning EN01 og EN02 (begge med storleik 30 m²). Desse er lagt inn ut frå innmålingar eller skisser frå nettselskapet Skiaker Nett.

Dei endringane som er gjort i planforslaget etter offentlig ettersyn og høyring (dei 4 siste kulepunkt over), er lite omfattande og medfører etter plankontoret sitt syn forbetringar av planen utan å vere til nokon ulempe for nokon. Plankontoret vurderer derfor at det ikkje er tenleg og påkravd å legge ut planen til nytt offentlig ettersyn og høyring for å gjere vedtak av reguleringsplanen.

Vurdering

Etter kommunedirektøren si vurdering gjev dei vedlagte plandokumenta eit godt grunnlag for å gjere vedtak av reguleringsplanen. Reguleringsplanen vil danne eit godt og nødvendig grunnlag for gjennomføre flaumsikringa av Bismo i samsvar med NVE si prosjektering av sikringsanlegga.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 12.12 godkjenner Skjåk kommune "Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo" med planid. 34330001, som omfattar, plankart, planføresegner, planomtale og ROS-analyse, alle daterte 25.05.2022.

PS 2022/38 Reguleringsplan for flaumsikring av Bismo - sluttbehandling

Hovudutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 38/2022 i møte den 14.06.2022:

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 12.12 godkjenner Skjåk kommune "Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo" med planid. 34330001, som omfattar, plankart, planføresegner, planomtale og ROS-analyse, alle daterte 25.05.2022.

PS 2022/51 Reguleringsplan for flaumsikring av Bismo - sluttbehandling

Formannskapet si behandling av sak 51/2022 i møte den 21.06.2022:

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 12.12 godkjenner Skjåk kommune "Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo" med planid. 34330001, som omfattar, plankart, planføresegner, planomtale og ROS-analyse, alle daterte 25.05.2022.

PS 2022/35 Reguleringsplan for flaumsikring av Bismo - sluttbehandling

Kommunestyret si behandling av sak 35/2022 i møte den 22.06.2022:

Behandling

Samrøystes.

Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 12.12 godkjenner Skjåk kommune "Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo" med planid. 34330001, som omfattar, plankart, planføresegner, planomtale og ROS-analyse, alle daterte 25.05.2022.